



Tilleggsinnkalling  
av  
Utval for helse og omsorg

**Møtedato:** 07.02.2023

**Møtestad:** Helsehuset, møterom Nordhordland

**Møtetid:** 12:00 - 17:00

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-høyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærmere avtale.

**Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
009/23	AVTALE OM ADMINISTRATIVT VERTSKOMMUNESAMARBEID – NORDHORDLAND LEGEVAKT

3. februar 2023

May-Irene Wergeland  
møteleiar

Arthur Kleiveland  
møtesekretær

**Arkiv:** FE-026  
**JournalpostID:** 23/9580  
**Saksbehandler:** Ørjan Raknes Forthun  
**Dato:** 02.02.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
	Utval for helse og omsorg	
016/23	Alver formannskap	
	Alver kommunestyre	

## AVTALE OM ADMINISTRATIVT VERTSKOMMUNESAMMARBEID – NORDHORDLAND LEGEVAKT

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Alver vedtek «Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid – Nordhordland legevakt» slik den ligg føre.

#### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for helse og omsorg

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjera i kommunestyret

#### Bakgrunn

I sak 155/21 Vertskommunesamarbeid om Nordhordland legevakt, vart det gjort følgjande vedtak: «Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Nordhordland legevakt vert sagt opp med mål om å inngå ny avtale i 2022».

Inngått avtale om administrativt vertskommune-samarbeid i 2013 mellom Lindås kommune og kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Radøy, Gulen og Osterøy om Nordhordland legevakt og øyeblikkeleg hjelp døgntilbod - vedtak 14.02.2013 KO sak 11/13.

Det er 1 år oppseilingstid på avtalen gjeldande frå kvart årsskifte.

Alver kommune har overtatt Lindås kommune sitt vertskommuneansvar etter kommunenesamslåing mellom Lindås, Radøy og Meland frå 2020. Før årsskiftet i 2020 sa Fedje kommune opp avtalen og gjekk ut av samarbeidet om legevakt og øyeblikkeleg hjelp døgnenger frå 1.januar 2022. Dei vil frå 2022 berre vera tilknytt legevaksentralen (116 117).

Hausten 2020 vart det starta opp eit prosjekt der formålet med prosjektet var å sikre ei organisering med medisinsk forsvarlege tenester innanfor kommunane sine økonomiske rammer. Prosjektgruppa var samansett av fungerande legevaksjef, fagsjukepleiar legevakt, kommunalsjef frå samarbeidskommunane og hovudtillitsvald. Prosjektet vart leia av

tenesteleiar for lege- og rehabiliteringstenester. Referansegruppe var fagråd for kommuneoverlegar, tilsette ved Nordhordland legevakt, administrativ nemnd for NHLV, rådmennene og kommunalsjefar i samarbeidskommunane. Prosjektet sin konseptfase er no avslutta og det vert gjennomført ei risiko- og sårbarheitsanalyse (teneste-ROS) ved legevakta. I samband med dette vert det gjort vurdering av om tenestene er fagleg forsvarleg. På bakgrunn av endringar som kommunenesamanslåing, oppseiing frå ein av samarbeidskommunane, behov for å vurdere økonomisk fordeling og om legevaka oppfyll krava til å vere medisinsk forsvarleg vart det vurdert som formålstenleg å seie opp avtalen frå 2013.

## Saksopplysningar

Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Nordhordland legevakt vart sagt opp i desember 2021, med mål om å inngå ny avtale i 2022. Legevaksjef, tenesteleiar for legetenesta og rehabilitering, kommunalsjef helse og omsorg og kommunedirektør har i samarbeid utarbeid forslag til avtale. Kommunedirektøren har hatt ein prosess med kommunedirektørar/rådmenn i samarbeidskommunane for å kome fram til ei avtale som ein administrativt er einige om. Dette arbeide var sluttført i eit felles møte mellom kommunedirektørar/rådmenn 18. november 2022. Dette var dessverre for seint til å rekke handsaming i alle kommunestyra før jul og saka vert lagt fram no.

Tilbodet frå Nordhordland legevakt til kommunane stettar det som til ein kvar tid er lovkrav og tilrådingar til tenesta. Den interne organiseringa er endra som følje av at ØHD-tilbodet på Helsehuset er flytta ut i kvar enkelt kommune. Bemanningsplanen føl sentrale anbefalingar til lege og sjukepleiarbemanning.

Innhaldet i avtalen føl krav i lova for avtale om administrativt vertskommunesamarbeid.

I kapittel 8 i avtalen er «rapportering og informasjon» omtala. Det vert lagt opp til at ordførarane vert orientert ein gong i året om Nordhordland legevakt. Avtalen legg opp til at dette skjer i samband med eit av møta i regionrådet.

For samarbeidskommunane var det viktig å få på plass tydelegare styrings- og rapporteringsrutinar. Det er difor utarbeidd ein administrativ og fagleg samarbeidsavtale. Denne ligg ved saka til orientering. Denne er utarbeidd av kommunedirektørane/rådmennene i samarbeidet.

Det vert lagt opp til at dagens administrative nemnd beståande av kommunalsjefar vert lagt ned. I staden vert Norhordland legevakt tema på to fellesmøte i året mellom kommunalsjefar og kommuneoverlegar etter kap. 7 i avtala.

Det er også lagt inn i avtalen at det skal vere eit årleg møte mellom vertskommunen og kvar enkelt av samarbeidskommunane. Dette er ei ny ordning.

Kommunedirektøren i vertskommunen skal i staden etter kap. 6 i «Administrativ og fagleg samarbeidsavtale» rapportere til dei andre kommunedirektørane/rådmennene:

### **«6. Rutinar for administrativ rapportering**

Rådmenn/kommunedirektørar i vertskommunen og samarbeidskommunane skal ha møte minimum tre gongar i året. Desse møta vert i utgangspunktet satt opp i samband med tertialrapportar, årsavslutning og budsjett.

I desse møta skal minimum følgande tema vere på dagsorden:

- Fagleg status legevaka
- Økonomi (løpende rapportering, årsrekneskap og budsjett)
- HMS og sjukefråvær
- Avvik
- Gjennomgang av Alver kommune sitt styrings- og rapporteringssystem (ein gong i året)

- Gjennomgang av politiske og administrative vedtak som gjeld legevaka/legevaktssentral.

Vertskommunen utarbeider ein kortfatta årsrapport.»

Kommunedirektørane/rådmennene i kommunane i samarbeidet er kome fram til at 22 % fastdel er eit rimeleg utgangspunkt for kostnadsfordelinga mellom kommunane framover. Med dette vil Alver kommune betale 55 % av totale kostnader med utgangspunkt i folketal pr. 1.1.2022. Alver kommune sin del av totalt folketal aukar noko år for år. Dette gjer at Alver sin del av totale kostnader aukar tilsvarande.

Frå ny avtaleperiode er det lagt inn kr 1,5 mill. i administrativt påslag til vertskommunen. Dette påslaget går inn i kostnadsfordelinga på vanleg måte.

Legevaka har variable kostnader og inntekter som er omrent like store. Dette inneber at tal besøkande har lite å sei for totalkostnaden. Den største kostnadskomponenten er kostnader til leger og sjukepleiarar i vakt. Denne bemanninga er fast og Nordhordland legevakt føl nasjonale anbefalingar for ein legevakt med vårt befolkningsgrunnlag (Ca. 45 000 innb.).

Alle kommunar har både økonomisk og faglege fordelar av samarbeidet. Dei minste kommunane har størst prosentvis økonomisk fordel av samarbeidet, mens Alver kommune har fordel av at legevaktssamarbeidet er lokalisert til Knarvik.

**Vedlegg:**

03.02.2023	Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid Nordhordland legevakt	1876324
03.02.2023	Administrativ og fagleg samarbeidsavtale knytt til vertskommunesamarbeid om legevakt og legevaktssentral	1876323

**Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid**  
**mellan**  
**Alver kommune, Gulen kommune, Masfjorden kommune, Austrheim**  
**kommune, Modalen kommune og Osterøy kommune**  
**om**  
**felles legevakt og legevaktsentral**

Denne avtalen erstattar eksisterande samarbeidsavtale frå 2013: «AVTALE OM ADMINISTRATIVT VERTSKOMMUNESAMARBEID OM NORDHORDLAND LEGEVAKT OG ØYEBLIKkelig HJELP (ØH) DØGNTILBOD». Avtalen gjeld felles legevakt og legevaktsentral.

Samarbeidet vert inngått i form av administrativt vertskommunesamarbeid med heimel i lov om kommunar og fylkeskommunar §20-2.

#### **1. Deltakarar i samarbeidet**

Kommunane Alver, Gulen, Masfjorden, Austrheim, Modalen og Osterøy er deltagarar i samarbeidet.

Alver kommune er vertskommune for samarbeidet. Gulen, Masfjorden, Austrheim, Modalen og Osterøy kommunar er samarbeidskommunar.

#### **2. Oppgåver**

Oppgåver etter § 3-2 3. ledd bokstav a og c i helse- og omsorgstenestelova:

- a. Legevakt\*
- c. medisinsk naudmeldeteneste (legevaktsentral – 116117)

\*Legevakt frå 1600 til 0800 på kvardagar og frå 1600 fredag til 0800 måndag.

#### **3. Bilateralt samarbeid om daglegevakt**

Alver kommune og kvar enkelt samarbeidskommune kan innanfor rammene av dette vertskommunesamarbeide inngå bilaterale avtalar om daglegevakt (kvardagar 0800-1600).

#### **4. Sal av tenester**

Vertskommunen kan tilby legevaktsentraltenester til andre enn samarbeidskommunane. Inntekter frå eit slik sal av tenester skal trekkast i frå i kostnadsfordelinga.

## **5. Delegering av mynde**

Rådmennene/kommunedirektørane i Gulen, Masfjorden, Austrheim, Modalen og Osterøy kommunar delegerer, etter fullmakt frå respektive kommunestyre, mynde etter ovannemnde lov til kommunedirektøren i vertskommunen i samsvar med kommunelova § 20-2.

Vertskommunen Alver skal utføre dei oppgåvane deltakarkommunane har etter ovannemnde lov og har mynde til å fatte vedtak med heimel i same lov.

Alver kommune har ansvar for at sakshandsaminga er forsvarleg, og føl saksbehandlingsreglane i forvaltningslova og særlover. Alver kommune er også ansvarleg for at verksemda skjer i tråd med offentleglova, personopplysningslova, arkivlova og anna relevant regelverk.

## **6. Personale og verksemد**

Denne avtalen om vertskommunesamarbeidet er ein vidareføring av eksisterande samarbeid og er ikkje å rekne som verksemどoverdraging etter arbeidsmiljøloven § 16.

## **7. Økonomi**

Alver kommune er ansvarleg for å utarbeide forslag til økonomiplan for de kommande fire år. Dette vert sendt samarbeidskommunane når økonomiplanen vert sendt til politisk handsaming i vertskommunen. Forslag til kommande års budsjett vert sendt innan utgangen av oktober kvart år. Desse dokumenta vert sendt til samarbeidskommunen ved kommunedirektør/rådmann.

Fordelinga av nettoutgiftene i årsbudsjettet kjem fram i samsvar med § 8 i denne avtalen.

Kommunestyret i Alver kommune vedtar driftsbudsjett og økonomiplan.

## **8. Rapportering og informasjon**

Leiar av legevakta rapporterer i linja til kommunedirektøren i vertskommunen.

Vertskommunen orienterer ordførarane i samarbeidet ein gong i året i samband med møte i regionrådet. Innhaldet i orienteringa vert avtalt mellom leiar i Regionrådet og kommunedirektør Alver kommune.

Det vert utarbeid ein administrativ og fagleg samarbeidsavtale som minimum skal innehalde følgande:

- Rutinar for administrativ rapportering.
- Rutinar for styrings- og rapporteringssystem ovanfor samarbeidskommunane slik at relevante lovkrav vert tilfredsstilt, inkludert krav til internkontrollsysteem og kvalitetsutviklingsarbeid.
- Rutinar for korleis vertskommunen skal underrette samarbeidskommunen om de vedtak vertskommunen treffer.
- Organisering av leger i legevakt. (Bruk av leger frå kommunane – fritak m.m.)

## **9. Kostnadsfordeling**

Deltakarkommunane forpliktar seg til å bidra med ein lik fast del og ein variabel del. Den variable delen vert fordelt etter tal innbyggjarar i kommunen.

Den faste delen utgjer 22 % av kostnadene. (2024: 20 % 2025: 21 % 2026: 22 %)

Vertskommunen fakturerer samarbeidskommunen kvartalsvis a konto, med avrekning ved regnskapsavslutning.

Det er tal innbyggjarar per 1. januar i budsjettåret som vert lagt til grunn for fordeling mellom kommunane.

## **10. Disponering av mindreforbruk/dekning av meirforbruk**

Avrekning av mindreforbruk/meirforbruk vert føretatt ved årets utgang og vert fordelt på kommunane etter vedtatt fordelingsnøkkel, jfr. § 8.

## **11. Lokalisering**

Legevakt og legevaktcentral er lokalisert i Helsehuset(RNHI) i Knarvik i Alver kommune.

## **12. Arkiv**

Som vertskommune har Alver kommune arkivansvar når det gjelder arkivdanning og oppbevaring av arkiv.

Ved opphør av avtalen eller nedlegging skal vert arkivet avslutta, periodisert og deponert til den til ein kvar tid gjeldande depotløysning.

## **13. Endringar, misleghald, tvistar og oppseiing**

### Endringar

Denne avtalen kan endrast dersom minst ein av kommunane i samarbeidet set fram krav om det. Endringar krev semje.

Rådmennene/kommunedirektørane i dei respektive kommunane kan gjere redaksjonelle endringar i avtala.

Endringar av meir prinsipiell karakter eller som er av vesentleg betydning krev kommunestyrehandsaming.

Ved endring i kommunestruktur som gjeld minst en av kommunane vil avtalen opphøyra med mindre man blir einige om ein ny avtale.

### Misleghald

Dersom ein av partane vesentleg mislegheld sine forpliktingar etter denne avtalen, kan aktuelle kommunar krevje økonomiske tap dekket av kommunen som er skyld i vesentleg mislighald.

## Tvistar

Eventuell usemje mellom partane for den del av avtala som er rettsleg forpliktande skal søkast løyst i minnelegheit. Dersom partane ikkje vert samde, kan tvisten bringes inn for de ordinære domstolane.

## Oppseiing

Avtala er ikkje tidsavgrensa og kan seiast opp med eit års varsel, med løpetid frå og med 1. januar i påfølgjande kalenderår. Oppseiing skal skje skriftleg.

Om deltakarkommunane er einige om det, kan vertskommunesamarbeidet oppløysast med øyeblikkelig verknad, jfr. kommunelova §20-8.

## **14. Evaluering**

Samarbeidet inkludert kostnadsfordeling vert evaluert første gang innan 01.01.2027 og deretter ein gang i kvar kommunevalperiode.

## **15. Ikrafttreding**

Avtalen trer i kraft frå første heile månad etter at siste kommune har gjort vedtak i sitt kommunestyre.

Godkjent i kommunestyra i:

Alver	xx.xx.22
Gulen	xx.xx.22
Masfjorden	xx.xx.22
Austrheim	xx.xx.22
Modalen	xx.xx.22
Osterøy	xx.xx.22

**Administrativ og fagleg samarbeidsavtale knytt til vertskommunesamarbeid  
mellanom  
Alver kommune, Gulen kommune, Masfjorden kommune, Austrheim  
kommune, Modalen kommune og Osterøy kommune  
om  
felles legevakt og legevaktsentral**

Denne avtalen er knytt til «Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid mellom Alver kommune, Gulen kommune, Masfjorden kommune, Austrheim kommune, Modalen kommune og Osterøy kommune om felles legevakt og legevaktsentral.»

**1. Deltakarar i samarbeidet**

Kommunane Alver, Gulen, Masfjorden, Austrheim, Modalen og Osterøy er deltagarar i samarbeidet.

Alver kommune er vertskommune for samarbeidet. Gulen, Masfjorden, Austrheim, Modalen og Osterøy kommunar er samarbeidskommunar.

**2. Formål**

Avtalen regulerer den administrative og faglege oppfølginga av vertskommunesamarbeidet mellom kommunedirektørar/rådmenn i vertskommunen og samarbeidskommunane.

Avtalen skal legge til rette for at samarbeidskommunane skal medverke i strategiske avgjerder for legevakt/legevaktsentral.

**3. Rutinar for administrativ rapportering**

Rådmenn/kommunedirektørar i vertskommunen og samarbeidskommunane skal ha møte minimum tre gongar i året. Desse møta vert i utgangspunktet satt opp i samband med tertialrapportar, årsavslutning og budsjett.

I desse møta skal minimum følgande tema vere på dagsorden:

- Fagleg status legevaka
- Økonomi (løpende rapportering, årsrekneskap og budsjett)
- HMS og sjukefravær
- Avvik
- Gjennomgang av Alver kommune sitt styrings- og rapporteringssystem (ein gong i året)
- Gjennomgang av politiske og administrative vedtak som gjeld legevaka/legevaktsentral.

Kommunedirektøren skal på eit av desse tre årlege møta ha ein gjennomgang av Alver kommune sitt styrings- og rapporteringssystem inkludert krav til internkontrollsistem og kvalitetsutviklingsarbeid og korleis dette verkar for legevakt/legevaktsentral.

Vertskommunen utarbeider ein kortfatta årsrapport.

#### **4. Rutinar for korleis vertskommunen skal underrette samarbeidskommunen om de vedtak vertskommunen treffer**

Kommunedirektøren i vertskommunen skal i kvart møte omtala i § 3 gå gjennom politiske og administrative vedtak gjort av vertskommunen som gjeld legevaka/legevaktsentral og som har konsekvens for samarbeidskommunane eller innbyggjarane i samarbeidskommunane. Denne rapporteringa skal også føreliggje skriftleg

Rådmenn/kommunedirektør i samarbeidskommunane er ansvarleg for vidare informasjon i eigen kommune inkludert politisk nivå.

#### **5. Medverknad i strategiske avgjerder for legevakt/legevaktsentral**

Strategiske avgjerder som gjeld legevakt/legevaktsentral skal drøftast i dei faste møte mellom kommunedirektørar/rådmenn omtala i § 3.

#### **6. Møter mellom kommunalsjefar og tilsvarande og kommuneoverlegar**

Kommunalsjefar og tilsvarande og kommuneoverlegar har fellesmøte to gonger i året. Legevakt og legevaktsentral skal være tema på desse møta. Leiari for legevakt og tenesteleiar deltek på desse møta når legevakt vert diskutert.

Det vert ikkje lagt opp til ein fast agenda for desse møta. Hovudfokus skal vere fagleg dialog og fagleg oppfølging av eventuelle prosjekt. Leiari for kommunalsjefgruppa og kommuneoverlegegruppa set i samarbeid opp agenda for møta.

#### **7. Årleg møte mellom vertskommunen og kvar enkelt kommune**

Det skal vere eit samarbeidsmøte i året mellom vertskommunen og kvar enkelt samarbeidskommune. Deltakarane i kvar enkelt møte set opp agenda for desse møta.

#### **8. Organisering av leger i legevakt. (Bruk av leger frå kommunane – fritak m.m.)**

Det vert utarbeid eigne retningslinjer for organisering av leger i legevakt.

## **9. Endringar, misleghald, tvistar og oppseiing**

### Endringar

Denne avtalen kan endrast dersom minst ein av rådmennene/kommunedirektørane i samarbeidet set fram krav om det. Endringar krev semje.

### Oppseiing

Denne avtala vert automatisk sagt opp saman med at «Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid Mellom Alver kommune, Gulen kommune, Masfjorden kommune, Austrheim kommune, Modalen kommune og Osterøy kommune om felles legevakt og legevaktsentral» eventuelt vert sagt opp.

Denne avtalen kan elles ikkje seiast opp.

## **10. Evaluering**

Denne avtalen vert evaluert minimum saman med at samarbeidet i heilskap vert evaluert. Rådmenn/kommunedirektørar kan ta initiativ til at denne avtalen vert evaluert hyppigare om det er behov for det.

## **11. Ikrafttreding**

Denne avtalen trer i kraft samtidig med «Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid mellom Alver kommune, Gulen kommune, Masfjorden kommune, Austrheim kommune, Modalen kommune og Osterøy kommune om felles legevakt og legevaktsentral».